



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

Innkalling til møte

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 11. mai 2023
Møtetid: 18.40
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Innkalla medlemmar i sokne- og fellesråd

Arne Hjelmås, Sissel Kvist, Svein Løwe, Eva Beate Nybø, Odd Arve Orten, Anne Beate Storbakk Skeide, Anne Berit Oterhals Skrede, Berit Marie Sporsheim, Rune Vågøy og Kristian Finn Risung (10). Vara: Peder Nedrelid.

*Forfall meldast til underteikna som sørger for innkalling av varamedlemmar.
Varamedlemmar får innkallinga til orientering og møter ved nærare innkalling.*

Opningsord

SAKLISTE

SR/FR-sak


- SAK 31-23** **GODKJENNING AV:**
 A. Innkalling
 B. Referat frå møte 26.04.2023
- Sak 32-23** **Årsmelding for 2022**
- Sak 33-23** **Rekneskap for 2022 (ettersendast)**
- Sak 34-23** **Supplerande nominasjon til soknerådsvalet 2023**
- Sak 35-23** **Merking av graver som manglar festar**
- Sak 36-23** **Orienterings-/drøftingssaker**
 36-23-1 Sommarvikar(ar) for kyrkjetenarane
 36-23-2 Rekruttering av nye filmarar i kyrkja
 36-23-3 Tilbakemeldingar på brannsyn i kyrkja og kyrkjelydshuset
- Sak 37-23** **Eventuelt**

Det var planlagt å behandle budsjett/økonomiplan og investeringsbudsjett for 2023 på dette møtet, men rekneskapen for 2022 er så forseinka at desse sakene må utsettast til neste møte, 25. mai 2023.

Aukra 04.05.2023

Eva Beate Nybø
Leiar
(sign)

Max Ingar Mørk
Kyrkjevevjevikar/sekretær
Tlf: 951 85 921



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

MØTEREFERAT

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: 26.04.2023
Møtetid: 1840-2100
Møtestad: Undervisningsrom, kyrkjelydshuset

Desse medlemmane møtte:

Eva Beate Nybø, Sissel Kvist, Svein Løwe, Odd Arve Orten, Berit Marie Sporsheim og Peder Nedrelid (6)

Forfall: Rune Vågøy, Anne Beate Storbakk Skeide, Arne Hjelmås, Anne Berit Oterhals Skrede og Kristian Finn Risung (5)

Sekretær: Max Ingar Mørk

Elles møtte: Sigurd Moltubak

Opning: Sigurd hadde vore i Nepal og viste bilde frå dei kristne si feiring av 1. påskedag i Kathmandu.

Desse sakene blei behandla :

SAK 26-23 GODKJENNING AV:

A. Innkalling

Innkallinga blei godkjent utan merknader.

B. Referat frå møte 30.03.2023

Referatet blei godkjent utan merknader.

Sak 27-23 Godkjenning av liste til soknerådsvalet 2023

AU hadde lagt fram ei liste med 10 namn i alfabetisk rekkefølge. Ingen fleire namn var komne til før møtet. Soknerådet si oppgåve som nominasjonskomité var å sette opp lista i prioritert rekkefølge og som valstyre å godkjenne denne.

Etter drøftingar gjorde rådet slikt samrøystes

Vedtak:

Aukra sokneråd vedtek og godkjenner følgjande liste over kandidatar til soknerådsvalet 2023 i prioritert rekkefølge:

1	Erlend Melbye
2	Marta Kristine Eidskrem
3	Hans Kristian Furnes

4	Janne Wie
5	Anne Berit Oterhals Skrede
6	Terese Hildre Solem
7	Kari Margrete Fanghol
8	Rune Vågøy
9	Per Arne Rindarøy
10	Britt Karin Hagen Laastad

Sak 28-23 Val av entreprenør til sprinklaranlegg i Aukra kyrkje

I samsvar med innstillinga gjorde SFR følgjande samrøystes

Vedtak:

Aukra sokne- og fellestråd kallar inn til forhandlingsmøte med intensjon om å inngå kontrakt om montering av sprinklaranlegg i Aukra kyrkje med Langseth Rør AS.

Sak 29-23 Orienterings-/drøftingssaker

29-23-1 Tidsplan – tilsetting av domprost i Molde domprosti

Bispedømekontoret sin tidsplan forutset at sokneråda i domprostiet har møte i tida 15.-30. mai for å gi uttale om ny domprost i Molde domprosti.

Aukra SFR vedtok å halde eit ekstramøte om denne saka tysdag 23. mai kl. 19.00. Møtet blir på kyrkjelydshuset, men med høve til å delta på Teams.

29-23-2 Førespurnad om Open kyrkje sommaren 2023

Soknerådet ser positivt på førespurnaden frå Aukra frivilligsentral om Open kyrkje sommaren 2023. Ein føresetnad er at nokon frå staben eller frivillige er til stades eller i nærleiken når kyrkja er open. Behovet er størst på dagtid, og soknerådet føreslår at kyrkja minimum er open i kyrkjetenaren si arbeidstid.

Soknerådet vil også ta kontakt med lag og foreiningar (t.d. Pensjonistforeininga, Bygdekvinnelaget og Idrettslaget) med førespurnad om nokre frå dei kan ta vakter i kyrkja med omvising og sal av vaflar og kaffi. Kyrkjevevja blir beden om å lage ei enkel brosjyre med informasjon om kyrkja.


Sak 30-23 Eventuelt

Svein Løwe orienterte om at Rådet for personar med funksjonsnedsetting hadde fremma ønske om å lage til eit par parkeringsplassar for rørslehemma nærare kyrkja. Saman med kommunen hadde han funne ein stad ved austre inngangsport der det kan opparbeidast plass til eit par bilar. Han hadde søkt grunneigaren, Opplysningsvesenets fond, om lov til dette, men fått nei. Grunngevinga var at det kunne hindre utrykkingskøyretøy. Men situasjonen i dag er at dei som treng plassane parkerer foran porten og hindrar utrykking til kyrkja. For utrykkingskøyretøy vil det derfor vere ein fordel om bilane kjem vekk frå porten.

Svein bad SFR om støtte til å fremme ein ny søknad til Opplysningsvesenets fond, noko rådet slutta seg samrøystes til.

Aukra 26.04.2023
Eva Beate Nybø
Leiar (sign)

Max Ingar Mørk
Referent (sign)



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 11. mai 2023
Møtetid: 18.40
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Sak 32-23 Årsmelding for 2022


I medhald av § 12 i *Kirkeordning for Den norske kirke* skal soknerådet kvart år gi soknemøtet ei orientering om det kristelege arbeidet i soknet. Orienteringa blir normalt gitt i form av ei årsmelding med rekneskap for det føregåande året, som leggst fram på kyrkjelyden sitt årsmøte. I år er årsmøtet fastsett til søndag 11. juni etter gudstenesta i Aukra kyrkje.

Vedlagt ligg framlegg til årsmelding for Aukra sokn 2022. Det manglar førebels skildring av gudstenestelivet og trusopplæringa. Dette blir ettersendt eller lagt fram på soknerådsmøtet.

Rekneskapen for 2022 er ein del av årsmeldinga. Rekneskapen er ikkje heilt avslutta, men er lova ferdig frå rekneskapsfører før møtet i soknerådet, og blir ettersendt eller lagt fram på møtet.

Framlegg til vedtak:

Aukra sokneråd vedtek årsmeldinga for 2022 i samsvar med vedlagte framlegg.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 11. mai 2023
Møtetid: 18.40
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Sak 33-23 Rekneskap for 2022

Rekneskapen for eit år skal etter føresegnene vere avslutta innan 1. mai året etter. Av ulike grunnar har rekneskapen for Aukra sokn 2022 ikkje blitt ferdig innan fristen, og revisjonen har sendt ein førebels beretning om at dei ikkje har fått rekneskapen til revisjon.


Rekneskapsføraren meiner rekneskapen kan avsluttast tysdag 9. mai. Dette vil bli ettersendt til SFR før møtet 11. mai.

Saksgangen blir slik:

1. SFR vedtek rekneskapen som sin rekneskap 11. mai. Rekneskapen må signerast av representantar for SFR.
2. Revisor gjennomfører revisjon og skriv revisjonsberetning.
3. SFR får rekneskapen tilbake og må gjere eventuelle tilpassingar for å imøtekomme merknader i revisjonsberetninga. Deretter kan SFR gjere endeleg vedtak.

Framlegg til vedtak:

Aukra sokne- og fellesråd vedtek årsrekneskapen for 2022 som framlagt i saka.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 11. mai 2023
Møtetid: 18.40
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Sak 34-23 Supplerande nominasjon til soknerådsvalet 2023

Aukra sokneråd godkjente i møte 26.04.2023 følgjande liste til soknerådsvalet 2023:

	Namn	Bustad
1	Erlend Melbye	Gossen
2	Marta Kristine Eidskrem	Julsundet
3	Hans Kristian Furnes	Julsundet
4	Janne Wie	Gossen
5	Anne Berit Oterhals Skrede	Gossen
6	Terese Hildre Solem	Gossen
7	Kari Margrete Fanghol	Gossen
8	Rune Vågøy	Gossen
9	Per Arne Rindarøy	Gossen
10	Britt Karin Hagen Laastad	Gossen

I samsvar med valreglane blei lista kunngjort offentleg 2. mai 2023. Dette blei gjort ved kunngjering på soknet si heimeside og oppslag på kyrkja, kyrkjelydshuset og butikkane same dag.


Etter valreglane (§ 8-1 nr. 2) kan 5 røysteføre medlemmar i soknet fremme forslag til andre kandidatar – såkalla supplerande nominasjon. Forslaget må vere underteikna av dei 5 forslagsstillarane og vere levert eller sendt til kyrkjekontoret innan 15. mai 2023 kl. 12.00.

Medlemmar av Den norske kyrkja i Aukra sokn (= Aukra kommune) som har fylt 15 år innan utgangen av 2023 er røysteføre. Kandidatane må ha fylt 18 år innan utgangen av 2023 for å vere valbare.

Dersom det ligg føre slike forslag innan møtet, vil desse bli lagt fram og eventuelt godkjende der. Dersom det kjem inn forslag seinare, men innan fristen, kan soknerådet vedta retningslinjer for godkjenning av desse.

Framlegg til vedtak:

Aukra sokneråd godkjenner



SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 11. mai 2023
Møtetid: 18.40
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Sak 35-23 Merking av graver som manglar festar

På Aukra kyrkjegard er det 60 graver som manglar festar, trass i ulike forsøk på å finne familie/pårørande. Fleire av gravene blir likevel stelt, så det er tydeleg at nokon kjenner ansvar for dei eller ønskjer å heidre eit minne.

Som ein siste utveg ønskjer vi å merke dei aktuelle gravene slik at pårørande eller folk som kjenner til grava kan hjelpe til å finne rett festar. Dette har også eit sikkerheitsaspekt ettersom gravsteinane er festar sin eigedom og vedkomande har ansvar for at steinen står trygt. Eldre graver utan festar vil etter kvart bli sletta. Eventuelt vil verneverdige gravminne bli tekne hand om av kyrkjegarden.


Slik merking har vore gjennomført på mange gravplassar. Det kan gjerast på fleire måtar:

- A. Sette ein godt synleg pinne på kvar grav (på høgde med gravminnet og merka med raud farge) + oppslag på kyrkja og ved inngangsportane om at dei som kjenner til grava tek kontakt med kyrkjevevja
- B. Sette ein pinne på grava med eit lite skilt som oppmodar folk til å ta kontakt
- C. Feste ein klistrelapp til gravsteinen med tilsvarande tekst

AU hadde litt ulike meiningar om korleis tiltaket bør gjennomførast, og saka leggest derfor fram for soknerådet til drøfting og vedtak.

Framlegg til vedtak:

Aukra sokne- og fellesråd går inn for å merke graver utan kjent festar for å bringe orden i gravregisteret. SFR ønskjer å gjennomføre merkinga etter bokstav i saksframlegget.



SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 11. mai 2023
Møtetid: 18.40
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Sak 36-23 Orienterings-/drøftingssaker

36-23-1 Sommarvikar(ar) for kyrkjjetenarane

Saka blei drøfta av SFR i møte 26.04.23. SFR var oppteken av at slike sommarjobbar burde lysast ut ope med tanke på å engasjere nokre yngre skuleelevar. Kommunen har eit mål om å tilby all ungdom i Aukra sommarjobb.

Når det gjeld vikar for kyrkjegardsarbeidaren må det likevel stillast nokre krav: Vedkommande må vere over 18 år for å køyre stor grasklippar, må kunne arbeide sjølvstendig i kyrkjegardsarbeidaren sin ferie og må eventuelt kunne vere arbeidsleiar for ein yngre skuleelev. Utvalet avgrensar seg da fort til sommarvikaren frå i fjor som tidleg søkte om sommarjobb også i år og som har fylt 18 år. AU ønskjer derfor å engasjere han.

SFR kan likevel drøfte om ein skal tilby sommarjobb til ein eller fleire skuleelevar i alder 16 +.

36-23-2 Rekruttering av nye filmarar i kyrkja

Tre av dei fire filmarane i kyrkja har gitt uttrykk for at dei ønskjer avløyning snart eller på litt lengre sikt. Soknerådet blir bede om å drøfte tiltak for å rekruttere nye filmarar.

36-23-3 Tilbakemeldingar på brannsyn i kyrkja og kyrkjelydshuset

Det er sendt tilbakemelding til brannvesenet på tilsynsrapportane etter brannsynet i kyrkja og på kyrkjelydshuset 16.03.2023. Fristen for tilbakemelding var sett til 05.05.23. Tilbakemeldingane er vedlagt saka til orientering.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A

6480 AUKRA

Tlf: 71171540

kyrkjekontoret@aukra.kommune.no

www.aukrakyrkje.no

Org.nr.: 976997654

Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS

Rådhusplassen 1

6413 Molde

Aukra 04.05.2023

Brannsyn i Aukra kyrkje 16.03.2023 – Tilbakemelding

Vi viser til tilsynsrapport etter brannsyn i Aukra kyrkje 16.03.2023. Under tilsynet ble det funnet 4 avvik og gjort 3 anmerkninger. Vi har følgende foreløpige tilbakemelding:

De 4 avvikene handler om manglende dokumentasjon av brannrutiner, manglende dokumentasjon på kontroll av brannvernutstyr og -anlegg, samt manglende risikovurdering.

Pga. kirkevergens sykepermisjon har det dessverre vært redusert kapasitet ved kontoret i lengre tid. Våren er dessuten travel for de ansatte med påske, konfirmasjoner og våronn på kirkegården. Vi ber derfor om frist til 1. september 2023 for å få den aktuelle dokumentasjonen på plass.

Når det gjelder de 3 anmerkningene, er status slik:

1. Nøkkelboks/nøkkel til brannvesenet.

Det er gjort avtale med brannmesteren på Aukra, Ketil Ilestad, om oppbevaring av nøkkel til kirka i tjenestebilen. Nøkkelen ble overlevert til brannmesteren 25. april 2023.

2. Sprinkleranlegg i kirka

Prosessen med installasjon av sprinkleranlegget har stått på pause en periode for å avklare økonomien i prosjektet. Dette er nå avklart, og det er valgt utførende entreprenør i samråd med konsulenten. Vi håper installasjonen kan komme i gang i vår/sommer.

3. Planke ved orgelet som må fjernes


Etter branntilsynet gjorde vi følgende strakstiltak i kirka:

- Planken ble fjernet og erstattet med et tau som enkelt kan hektes av ved behov (se foto). (Det er behov for et visuelt skille her for å unngå forstyrrende trafikk forbi organisten).
- Alle løse stoler i kirkerommet ble fjernet og satt på mørkeloftet.
- Løse stoler på galleriet ble teipet sammen til rader (se foto).
- Det ble gjort ny oppmåling av benkene og beregning av lovlig persontall i kirka (vedtaket fra Aukra sokne- og fellestråd er vedlagt). KA sin veileder for beregning av tillatt antall personer i kirker ble lagt til grunn for beregningen, se [1206plass-kommentar.pdf \(ka.no\)](#) .

Med vennlig hilsen

Max Ingar Mørk (s)

Fung. kirkeverge



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS
Rådhusplassen 1
6413 Molde

Aukra 04.05.23

Brannsyn i Aukra kyrkjelydshus 16.03.2023 – Tilbakemelding

Vi viser til tilsynsrapporten etter brannsyn i Aukra kyrkjelydshus 16.03.2023. Under tilsynet ble det funnet 4 avvik og gjort 1 anmerkning. Vi har følgende foreløpige tilbakemelding:

De 4 avvikene handler om manglende dokumentasjon av brannrutiner, manglende dokumentasjon på kontroll av brannvernutstyr og -anlegg, samt manglende risikovurdering (samme som for kirka).

Pga. kirkevergens sykepermisjon har det dessverre vært redusert kapasitet ved kontoret i lengre tid. Våren er dessuten travel for de ansatte med påske, konfirmasjoner og våronn på kirkegården. Vi ber derfor om frist til 1. september 2023 for å få den aktuelle dokumentasjonen på plass.

Når det gjelder anmerkningen er status slik:

Nøkkelboks/nøkkel til brannvesenet.

Det er gjort avtale med brannmesteren på Aukra, Ketil Ilestad, om oppbevaring av nøkkel til Kyrkjelydshuset i tjenestebilen. Nøkkelen ble overlevert til brannmesteren 25. april 2023.

Med vennlig hilsen

Max Ingar Mørk
Fung. kirkeverge